

Melding om vedtak / særutskrift Framlegg til endringar i utdanningsstøtteleova og i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2015 - 2016

Hovudutval for opplæring gjorde i møte 25.11.2014 slikt vedtak i saksnr. 29/14.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

I Noreg skal barn og unge ha lik rett til utdanning, uavhengig av bustad, kjønn, sosial eller kulturell bakgrunn og eventuelle spesielle behov. Det er og eit krav at vidaregåande opplæring i offentlege skular skal vere gratis. Ei endring i vilkåra for bustipend vil kunne kome til å endre dette .

Ulike stipendordningar har bidrege til eit større mangfald i val av utdanningsvegar, og har i praksis fungert som distriktspolitiske verkemiddel. Ordninga med bortebruarstipend kom i si tid i stand for å kompensere for ekstrakostnadene elevar i distriktet kan ha for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Stipendet legg i tillegg til rette for at fleire kan velje ei utdanning som ikkje finst der dei bur, t.d. på eit spissa toppidrettstilbod eller på ein privatskule.

Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane fryktar at ei innskrenking av bustipendet kan føre til at fleire ungdomar frå distrikta ikkje får høve til å søke den vidaregåande opplæringa dei ønskjer, men må velje ei opplæring som gjer at dei kan halde fram med å bu heime. Skilnaden mellom ein 16-åring i Oslo, som kan velje mellom alle utdanningsprogram med ei relativt kort bussreise, og ein 16-åring frå Sogn og Fjordane, som må velje næraste skule av økonomiske årsaker, blir svært stor. Prinsippet om lik rett til utdanning, uavhengig av bustad, vert også svakare med ei behovsprøving.

Med helsing

Merete Husabø Nornes
førstekonsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Kopi til: